

Saksbehandlar: Marianne Bugge, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/2150-13

Årdal - Kommuneplan for Årdal kommune 2019 - 2030 - samfunnsdelen

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Hausten 2019 startar ein ny kommunestyreperiode. For å sikre god politisk forankring vert det tilrådd at planen, inkl. handlingsdelen, vert vedteken av (eller vedteken på nytt av) nytt kommunestyre.
2. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel, eller må skildre korleis planarbeidet dekkjer kravet om handlingsdel. Handlingsdelen bør detaljerast slik at målsettingane i planen vert følgt opp gjennom konkrete tiltak. I tillegg bør samfunnsdelen ha føringar for arealdelen. Vi rår til at dette vert ivareteke/innarbeidd i høyringsutkastet.
3. Under temaa «Klima og miljø» og «Samfunnstryggleik» bør planen omhandle temaet handtering av overvatn.
4. Under tema «Næringsutvikling» bør planen skildre korleis kommunen i samarbeid med næringslivet skal bidra til det grønne skiftet, og det bør gjevast føringar eller målsettingar knytt til berekraft for satsinga på næringsutvikling.
5. Under tema «Vassmiljø» bør det setjast mål knytt til tilstanden på vassmiljø, og korleis ein skal oppnå dei overordna miljømåla som er sette i Vann-nett og regional plan for vassforvaltning.
6. Temaet Kulturminne og kulturmiljø bør omtalast, og mål, strategiar og tiltak for kulturminne/-miljø bør inngå i samfunnsdelen og handlingsplanen til samfunnsdelen.

Vedlegg:

Utkast til kommuneplan for Årdal kommune 2019-2030, samfunnsdelen

Utkast til høyringssvar til Årdal kommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Årdal kommune har lagt ut utkast til samfunnsdel til kommuneplanen ut på høyring. Frist for høyringa er sett til 14. oktober 2019. Fylkeskommunen hadde høyringssvar på varsel om oppstart av arbeidet med samfunnsdelen i april 2018. Gjeldande samfunnsdel for Årdal kommune vart vedteken i 2010.

I utkast til ny samfunnsdel er det definert mål og tiltak knytt til følgande tema:

1. Mangfaldig næringsliv
2. Variert bustadtilbod
3. Levande sentrum og langsiktig arealbruk
4. God helse og omsorg
5. Variert kultur og fritidstilbod

I tillegg har ein identifisert følgande sentrale omsyn, som skal vere førande for utviklinga:

1. Klima og miljø
2. Folkehelse
3. Samfunnstryggleik
4. Omdømme
5. Kommunal drift

2. Vurderingar og konsekvensar

Planfagleg

Plan og bygningslova legg opp til at dei strategiske føringane som vert lagt i samfunnsdelen skal leggest til grunn for resten av den kommunale planlegginga. I juni 2019 kom KS med eit fagnotat, der ein gjev råd knytt til samfunnsdelen som politisk styringsverktøy. Mellom konklusjonane i fagnotatet er at samfunnsdelen må vere dynamisk og uttrykke prioriteringar som er gjort av det representative demokratiet. KS tilrår difor at samfunnsdelen vert vedteke tidleg i planperioden. For å syte for naudsynt politisk forankring av samfunnsdelen når vi i haust går inn i ny kommune-styreperiode, bør planen vedtakast av, eller vedtakast på ny av, nytt kommunestyre.

Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane skal følgast opp i 4-årsperioden. Samfunnsdelen bør vere utforma slik at han er eigna for gjennomføring i gjeldande valperiode. Dette inneber at planen bør vere tydeleg på kva innsatsområde som vert prioriterte, slik at planen kan vere eit reelt styringsverktøy. Samfunnsdelen bør vere eigna til å gjere konkrete prioriteringar i budsjettet. Vi saknar eit avsnitt i samfunnsdelen som tydeleg skildrar korleis planarbeidet dekkjer kravet om handlingsdel etter PBL § 11-1. Vidare saknar vi ein meir detaljert handlingsdel, der målsettingane i planen vert følgt opp gjennom konkrete tiltak. For å sikre politisk forankring etter kommunevalet, bør difor handlingsdelen vedtakast av nytt kommunestyre.

Samfunnsdelen skal legge føringar for arealdelen, for å sikre god samanheng mellom dei overordna måla i samfunnsdelen og framtidig arealbruk i kommunen. Fleire av dei tema som er drøfta i samfunnsdelen har direkte relevans for arealdelen. Dette gjeld særskilt for bustad, sentrumsutvikling, næringsliv, klima og miljø og samfunnstryggleik. Enkelte av tiltaka i planen er retta direkte mot arealdelen, men vi saknar ei heilskapleg skildring av korleis samfunnsdelen skal følgjast opp i arealdelen.

Sentrumsutvikling

Det er positivt at ein i planen har trekt fram «levande sentrum og langsiktig arealbruk» som ei av hovudsatsingane. Det er og positivt at ein viser til regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur som førande for sentrumsarbeidet. Det er ei særlig styrke, og i tråd med regional strategi, at utviklinga av dei to sentruma skal bygge på stadanalysane for Øvre Årdal og Årdalstangen, og at arbeidet skal vere forankra i arealdelen til kommuneplanen. Hovudintrykket er at tiltaka knytt til sentrumsutviklinga er realistiske og gir gode føringar for sentrumsutviklinga.

I tråd med regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur bør kommunen i arealdelen til kommuneplanen avgrense sentrumsområdet. I tillegg bør ein også avgrense tettstad(ane) i arealdelen.

Det er positivt at regional plan for klimaomstilling skal vere førande for sentrumsutviklinga. I denne samanheng bør planen inkludere føringar knytt til overvasshandtering. Tilrettelegging av blå-grøne strukturar er gode tiltak, både for å handtere overvatn og for å skape gode sentrums-område. Vi oppmodar om at tilrettelegging for lokal handtering av overvatn ved utvikling av blå-grøne strukturar vert inkludert i tiltaka for sentrumsutviklinga.

Vassmiljø

Det er positivt at regional plan for Sogn og Fjordane vassregion er inkludert i kapittel 5.2. Nasjonale og regionale føringar. Vi saknar elles å sjå att vassmiljø som tema i planarbeidet. Samfunnsdelen bør

definere eit generelt mål knytt til tilstanden på vassmiljø, og korleis ein skal oppnå miljømåla satt i Vann - nett og Regional plan for vassforvaltning.

Overvatn

Som del av omsyna «Klima og miljø» og «samfunnstryggleik» saknar vi at planen tek føre seg handtering av overvatn.

Klima

Det er positivt at klima er handsama som eit overordna, og sektorovergripande tema. Eventuelle føringar for oppfølging av ulike typar arealstrategiar som tek omsyn til eit klima i endring bør leggest i samfunnsdelen. Det er i tillegg positivt at planen har mål om å vekke og prioritere berekraftige og klimavenlege løysingar knytt til offentlege innkjøp, energibruk i bygg, og at kommunen vil utvikla og heva kunnskap og haldningar på området. Vi saknar likevel at desse punkta vert konkretisert i ein handlingsplan, med fordeling av ansvar for gjennomføring og knytt opp til økonomiske rårer.

Folkehelse/samfunnstryggleik

Årdal kommune er godkjent som Trafikksikker kommune av Trygg Trafikk og fylkeskommunen. Det skal vere ei regodkjenning kvart tredje år. Kommunen bør vise til at dei er trafikksikker kommune og at intensjonane bak denne ordninga vert lagt til grunn for kommunen sitt arbeid med folkehelse og samfunnstryggleik.

Kulturminne/kulturmiljø

Vi saknar omtale av kulturminne og kulturmiljø i utkastet til samfunnsdel. Mål, strategiar og tiltak for kulturminne/-miljø bør inngå i samfunnsdelen og handlingsplanen til samfunnsdelen. Vi vil rå til at dette vert inkludert i planen.